



Sak nr 16/2023

Møtedato: 13.06.2023 Møtestad: Buaråne

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

Fnr 345 (Grunkevegen 477) , Bukono - Uttale til ny adkomstveg


Valdresfjella hus og hyttebygg AS v/ Steinar Lagrud har søkt om å bygge ny adkomstveg til hyttefeste 94/1/345 i Bukono. Dei ynskjer å nytte allereie opparbeid veg til støl S-715 – Inger Synnøve Leirhol og fortsetja med ny veg ved denne stølen.

Dei oppgjev at dei vil få ei avtale med Leirhol, der dei kobler seg inn til hennar veg.

Ny veg vert ca 180 meter langt, og skal byggast i same enkel standard som den som er der i dag. Det vises til felles synfaring med fjellstyret/Statskog i juni 2022.

For fjellstyret sin del vert dette berre ei uttale til Statskog - som er den som evt skal godkjenne dette.

Kart som viser tiltaket:



Det er utført ei ROS-analyse for aktuelt område. Det er ikkje funne verdiar her som gjer at det krevst særskilte omsyn. Området er og vurdert i høve til naturmangfald-lov:

Naturmangfald lova § 8-12:

§ 8 (kunnskapsgrunnlaget)

Området er vurdert opp mot naturbasen samt artskart. Det er ikkje vist nokon registreringar i database som er rekna som sårbar eller trua i umiddelbar nærleik til det aktuelle arealet. Ein ser på dei opphavlege kommunale registreringane som er supplerte med nyare registreringar på stølsjorder som godt nok avgjerdsgrunnlag.

§ 9 (føre-var-prinsippet)

Vi meiner at § 9 er oppfylte. Den sentrale ordlyden om at: «Finst ein risiko for alvorleg eller irreversibel skada på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap brukast som grunngeving for å utsetja eller la vere å treffa forvaltningstiltak» vurderer vi ikkje er aktuell i denne saka då det er klart at kunnskapen er god nok rundt naturverdiane av plan- og influensområdet til å seia at ein irreversibel skadde på naturmangfaldet ikkje vil skje som følgje av tiltaket.

§ 10 (økosystemtilnærming og samla belastning)

Vi meiner at ordlyden om økosystemtilnærming får avgrensa bruk i denne saka.

§ 11 (kostnadene ved miljøforringelse skal berast av tiltakshavar)

Ikkje aktuelt med ytterlegare registreringar eller nye tiltak.

§ 12 (miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar)

Ikkje aktuelt.

Vurdering:

Som ein konklusjon legg fjellstyret til grunn at det ikkje er viktige artar eller naturtypar som blir vesentleg skadelidande som eit resultat av denne saka.

Ein kan ikkje sjå negative verknader for generelt beitebruk som følgje av denne nye vegen. Enn så lenge det er samtykke frå næraste stølsbrukar, ser ein ikkje negative verknader for landbruket.

I høve til friluftsliv, ser ein heller ikkje negative verknader.

Oppsummert tilrår difor administrasjonen ei positiv uttale

Forslag til vedtak:

Fjellstyret i Vestre Slidre er positiv til forslag på ny veg til Fnr 345 (Grunkevegen 477), jfr søknad

Vedtak:

Fjellstyret i Vestre Slidre er positiv til forslag på ny veg til Fnr 345 (Grunkevegen 477), jfr søknad

Vedtaket er samrøystes.

Tilråding/uttale frå fjellstyret er ikkje enkeltvedtak jf. forvaltningsloven og det er derfor ikkje klagerett over vedtaket.

Vestre Slidre fjellstyre den 13.06.2023

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:

Statskog

Vestre Slidre kommune

Stølsbrukar

Valdresfjella Hus og Hyttebygg AS